

Villsau-kystgeit-kystlynghei



Foto: Ingar Støyle Bringsvor ©

Seminar på Sandsøya i Sande kommune 1. - 3. april 2011

Arrangør: Bygdemobiliseringsgruppa for Sandsøya og Voksa
Kurset er støtta av Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Sande kommune

Program i kortform:

Fredag 1. april:

Registrering, velkomst, orientering.

- Atle Bakken informerer om villsaulagsarbeid lokalt og nasjonalt.

Spørsmål og diskusjon. Middag på Rosenlund m.m.

- Før-premiere på filmen "Kunsten å brenne lyng" av Anne Magnussen.

Ho vil vere til stades og vise denne fagfilmen om lyngbrenning og stell av kystkulturlandskapet. Mons Kvamme har hovudrolla.

Laurdag 2. april:

- Kystgeita. Historie og dagens situasjon, framtidsutsikter og mulegheiter.

Linda Stubbsjøen frå Norsk Genressurscenter.

- «Kva er villsau?» Innlegg ved Hilde Buer, sivilagronom og villsaubonde.

Lunsj på Rosenlund

- Kystlynghei – ein ressurs for kystbefolkninga. Kvifor det er behov for ein handlingsplan og kva denne går ut på. Ved Mons Kvamme, botanikar og tidlegare direktør ved Lyngheisenteret i Hordaland. Kvamme fokuserer seinare på dag om kystlyngheiene si kulturhistorie, om økologi og internasjonal praktisk skjøtsel, samt brenning.

Det blir vidare gitt informasjon om og fokus på handlingsplan for kystlyngheier.

- «Ull – ein ressurs!» Karin Flatøy Svarstad, tekstilkunstnar og kulturformidlar, fortel om sitt arbeid med bruk av villsau-ull.

- Markvandring på Sandsøya, praktisk gjennomgang og opplegg for lyngbrenning v / Mons Kvamme.

Middag og sosialt samvær på Rosenlund til kvelden.

Søndag 3. april:

- Villsau som produksjonsform. Hilde Buer.

- Demonstrasjon og gjennomgang av ullkvalitetar og produkt. Kommersielle og kunstneriske produkt i villsau-ull. Karin Flatøy Svarstad.

- Produkt av villsau v / Hilde Buer.

Lunsj. Etterpå ordet fritt, spørsmål og diskusjon. Oppsummering.

Programmet er oppdatert 18.02.2011.

Det kan framleis bli enkelte justeringar i programmet, noko vi kjem tilbake med meir informasjon om på heimesida til Sande kommune,

sjå www.sande-mr.kommune.no

Praktisk informasjon:

Pris for sjølve seminaret: 800 kroner per person.

I tillegg kjem mat/overnatting.

Mat:

Alternativ 1: Middag/frukost/lunsj x 2. Pris kr. 1390,-.

Alternativ 2: Lunsj x 2 for dei som ikkje treng overnatting og/eller middag.

Pris kr. 290,-.

Evt. matallergi ønskjer vi beskjed om ved påmelding.

Overnatting:

Vi har leilegheiter/rorbuer/rom til overnatting på Rosenlund eller i gangavstand til Rosenlund. Gje beskjed om to deltakarar vil ha dobbeltrom.

Pris pr. person pr. natt i dobbeltrom kr. 400,- .

Pris pr. person pr. natt i enkeltrom kr. 600,-.

For meir informasjon kan de ta kontakt med Anne Lise Johansen, tlf. 41 29 98 33, anne-lise@abrings.com



Foto: Karin Flatøy Svarstad ©

Påmeldingsfrist 20. mars 2011.

Påmelding skjer gjennom Sande kommune, servicekontoret, tlf. 700 26 700, eller på e-post til sande.kommune@sande-mr.kommune.no

Reise til Sandsøya

Sandsøya er ei øy i Sande kommune og de må ta ferje til Voksa for å komme dit. Frå Voksa ferjekai til kursstaden på Sandshamn er det om lag 6 km.

Viss de kjem i retning frå Nordfjord/ Syvde/ Fiskå kan de ta ferja frå Åram. Viss de kjem i retning frå Hareid / Eiksundsambandet kan de ta ferja frå Larsnes.

Ferjeruta (Larsnes – Åram – Voksa – Kvamsøy) blir utført av Tide og ruta finn de her:

http://tide.no/uploads/documents/Ferjeruter/2010_More/1035_Larsnes-Kvamsoya_2010.pdf

Meir om Sandsøya

Sandsøya har eiga heimeside der de kan finne meir informasjon om staden:

<http://www.sandsoy.no>